



Byggesak

Besøksadresse: Kvernhusmyrane 41
Telefon: 5637 5000 Telefaks 5637 5001
Postadr.: Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø
E-post: postmottak@lindas.kommune.no
Heimeside: www.lindas.kommune.no
Kartside: www.nordhordlandskart.no
Org.nr: 935 084 733 Bank: 6501.06.91790

Ing. Stein Hallgren VVA-planlegging AS

Tjuvikveien 4
5108 HORDVIK

Dykkar ref.

Sakshandsamar:

Knut Bjørnevoll

Vår ref.

2009/2480 - 0 -
15503/2010

Telefon

56375000

Arkivkode:

196/4

Dato:

14.06.2010

Delegert sak

Godkjent utsleppsløyve for Midtgård – Leiknes gbnr 196/4 m fl

Vi viser til søknad om utsleppsløyve motteken 11.12.2009 og vedlagt

- Situasjonsplanar
- Kunngjeringsannonse
- Varselbrev
- Uttale frå Bergen og omland havnevesen
- Uttale frå kystverket

Saksutgreiing/Vurdering

Norconsult AS søker på vegner av utbygger RS Bygg og Entreprenør om løyve til utslepp frå nytt bustadfelt Midtgård – Leiknes. Anlegget skal byggast med kapasitet til å knyta til eksisterande busetnad i området, for inntil 300 pe (personekvivalentar) totalt, med reinsing i slamavskiljar og utslepp til sjø.

Utsleppsleidningen er lagt ut tidlegare frå Fløsvika 175 m ut frå land til 25 m djupne. Dette arbeidet vart gjort av kommunen i samband med legging av vassleidning i sjø. Plassering og merking skal såleis vera klarert med hamnestyresmakter og fiskeriinteresser.

Søknaden vart kunngjort i avisa Nordhordland i fulldistribusjon til alle husstandar i kommunen 17. februar 2010 og lagt ut på Lindås rådhus til offentleg ettersyn.

Varselbrev vart sendt til 5 offentlege instansar. Bergen og omland havnevesen og kystverket har svart at dei ikkje har merknad til søknaden. Elles har det ikkje komme inn merknader til kommunen eller til ansvarleg søkar.

Resipienten her er vurdert som god, og utslepp via slamavskiljar til 25 m djupne kan godkjennast,

Gebyr.

Gebyr for sakshandsaming vert fastsett i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ .

Det vert sendt faktura til tiltakshavar

G.2.a			
Utslepp mellom 101 og 1000 pe			9.100,-

(forts.)



